

Rideundervisning i skuleåret Prisane gjeld til 30.04.2006

Faste dagar med riding i skuleåret

Generelt om våre opplegg med ridetimar på fast dag og klokkeslett.

Eleven er med i ei fast gruppe for å stelle hest, ri, kjøre og være ilag med andre som har same interessa. Vi set saman elevgruppene så jevne som mulig i dugleiksnivå, men tek også omsyn til effektiv transport (foreldrekjøring).

"Stallavtale" har anbefalt aldersgrense 3 klasse. Barnet må i alle fall ha starta i 2.klasse. Den varer 2 skuletimar (1,5 klokketimar) pr gang og vi steller hest,rir, kjører vogn eller gjer andre ting som borna ynskjer. Opplæringa fylgjer i hovedsak Norges Ryttaforbund sitt opplegg for "Rideknappen". Ein kan velgje mellom avtale for kvar veke eller annankvar veke. *Prisen er 200.- pr gang. Ved fråvær belastar vi same sats, men ein kan då seinare i skuleåret "ta igjen" timen gratis etter avtale. Dette skjer ved at ein går inn på ledig plass på ei annan gruppe. Unytta timar "tilgode" ved slutten av skuleåret fell vekk.* "Rideknappen" kan takast gjennom frivillig deltaking på ridestemme vår og haust.

"Juniorriding" er for dei mellom 6 og 8 år. Den varer 1 klokke time pr gang, foreldra er med. Vi rir, kjører vogn, arbeider i stallen - alt etter kva ungane sjølv har lyst til. *Pris pr gang: 150.- Ved fråvær belastar vi same sats, men ein kan seinare i skuleåret "ta igjen" timen gratis etter avtale. Dette skjer ved at ein går inn på ledig plass på ei annan gruppe. Unytta timar "tilgode" ved slutten av skuleåret fell vekk.*

Kort om vår filosofi bak undervisinga

Vi er opptatt av at dei som er interessert i hest skal få opplæring på eit breidt grunnlag som går på korleis ein steller, handterer og brukar hesten. Elevane skal få ro og tid til å opparbeide egne erfaringar, sjølvtilit, kontakt med hesten og dei andre på gruppa.

Vi driv ikkje rideskule i vanleg forstand, men tilbyr eit miljø der barn, unge og vaksne kan få lære å ri og kjøre på ein trygg måte, og slik at hest og rytta oppfører seg på ein akseptabel måte for annan ferdsel.

Salgs- og betalingsvilkår

Vi gjev 10% søskenrabatt. Det vert sendt ut terminplan for ½ år om gongen. Avtalen gjeld til eleven sjølv seier opp. Oppseiingstid 1 mnd. Vi sender rekning 2 gongar pr halvår. Forfall 15 dg etter fakturadato, for kvar purring belastar vi kr 40.- på neste faktura. Purrerutinar er automatisert og vert sendt om beløpet ikkje er på vår konto 10 dg etter fakturadato. Skulle vi kome i skade for å purre på feil grunnlag, beklagar vi dette, og ber om å få melding om dette saman med opplysningar om dato for innbetaling.



Hei – eg er Hanna.
Velkommen!

Hjelmås Hestesenter ligg like ved E39, ca 10 km nordover frå Knarvik. Kjøretida frå Bergen sentrum er totalt ca 35 min. Avkjørselen frå **E39 til Hjelmås** er tydeleg skilta. I tillegg står det eit stort skilt med påskrifta **Landhandel**. Ca 50 meter etter at du har tatt av frå E39 fylgjer du skilt med **Vaet** (svinge til venstre, og ikkje ned til landhandelen). Kun knappe 150 meter seinare passerer du på ei bru over E39 og ser på høgre side eit skilt med **Hjelmåsen**. Kjør opp der, forbi 2 knappe svingar og følg skilt inn til **Hjelmås Hestesenter**.

Hjelmås Hestesenter - www.hestogtrivsel.no

ei avdeling i Parmelia as, org 965 635 637 mva

postadresse 5915 Hjelmås, e-post: hei@hestogtrivsel.no, www.parmelia.no

tlf 97 13 00 38